



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlende enhet: Region vest	Saksbehandler/telefon: Jannicke Neteland Olsen / 45404732	Vår referanse: 15/204805-1	Deres referanse:	Vår dato: 02.12.2015
-----------------------------------	---	-------------------------------	------------------	-------------------------

Kommunedelplan E 39 Knarvik–Ostereidet – Tildeling av sakshandsamar.

Statens vegvesen startar no opp førebuarande arbeid med kommunedelplan for E39 Knarvik–Ostereidet. Planens nøyaktige start- og slutt punkt er ikkje fastsett, men vi legg til grunn at kopling over Hagelsundet til Flatøy må vurderast som ein del av arbeidet. I nord ligg Eikefetunnellen som eit fast punkt.

Det er fleire og samansette problem på strekninga. Dagens E39 går gjennom Knarvik sentrum i sør. Her er det høg trafikk og vegen representerer ei barriere i sentrum. Vidare nordover går vegen gjennom meir landlege omgjevnader. Vegen har relativt låg standard med tunnellar med for lite tverrsnitt. Ein del kryss og avkøyrslar har dårlege siktforhold. På store deler av strekninga er det ikkje tilbod for gåande og syklande.

Det er stor belastning på vegnettet i Knarvik-området (ÅDT 12 000 – 20 000 i 2014), mens gjennomgangstrafikken frå Eikangervåg og nordover er lågare (ÅDT 1500–4000 i 2014).

På Knarvik-området:

I kommuneplanens arealdel for Lindås kommune er framtidig E 39 lagt i tunnel under Knarvik sentrum med utløp ved Gjervik. Reguleringsplan for tunnel Fv 57 Knarvik–Isdalstø vart stadfesta i 2014. I denne planen er ny Hagelsund bru regulert til kommunegrensa Lindås–Meland, i tillegg er det regulert eit større kryssområde med skyss-stasjon sør for Knarvik sentrum. Bruløysinga som er regulert ligg vest for og parallelt med dagens bru.

I kommunedelplanarbeidet som no vert starta opp, er mandatet å vurdere løysingar – uavhengig av planane som er nemnd over. Årsaka til dette grepet er at løysinga som er regulert er kostnadskrevjande, og den legg beslag på areal som kan nyttas til utvikling av Knarvik som bysenter. For å sikre ei heilskapeleg løysing er det naudsynt å vurdere linjeføring både for Hagelsund bru, kryssløysing for Knarvik og tilknytning til Fv 57 på ny.

Framdrift/prosess:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

- 12. januar 2016: Idéverkstad for identifisering av mogelege trasear.
- 1. kvartal 2016: Prosjektarbeid som munnar ut i identifisering av korridorar til vidare konsekvensutgreiing. Arbeidet vert summert opp i silingsrapport og planprogram.
- 2. kvartal 2016: Planplanprogram til høyring med melding om oppstart planarbeid.
- 3.–4.kvartal 2016 og 1 kvartal 2017: Konsekvensutgreiing av korridorar, utarbeiding av plan.
- 2. kvartal 2017: Utlegging av plan til offentlig ettersyn.

Organisering:

Statens vegvesen ynskjer å gjennomføre idéverkstad saman med aktuelt fagpersonell frå desse instansane: Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Lindås kommune og Meland kommune.

Det vert etablert ei arbeidsgruppe som skal vurderer innspela frå verkstaden fram mot ferdig silingsrapport og planprogram. I tillegg vil vi oppretta ei ressursgruppe viss kompetanse vert nytta ved behov.

Vi ber om at dykk vurderer aktuelle fagpersonar til deltaking på idéverkstad 12. januar 2016, i arbeidsgruppa, og for ei utvida ressursgruppe. Vi ynskjer tilbakemelding innan 4.januar 2015 til vår prosjektleiar Jannicke Neteland Olsen, jannicke.neteland.olsen@vegvesen.no, mobil: 45404732. Ta gjerne kontakt ved spørsmål.

Plan og forvaltning

Med hilsen

Hege Løvteit
Prosjekteigar

Jannicke Neteland Olsen
Prosjektleiar

Likelydende brev sendt til

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUGPostmottak, Kvernhusmyrane 20, 5914

Isdalstø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.